



HARDANGERBRUA
www.hardangerbrua.no



Årsmelding 2004

Hardangerbrua As vart stifta 8.januar 1987 av kommunane: Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss.

Selskapet sin føremålsparagraf:

”Selskapets formål er bygging av bro over Hardangerfjorden”

Hardangerbrua As har som visjon:

- levande bygder i Indre Hardanger
- binde Hardanger saman
- skape éin region i Indre Hordaland
- betre tilhøva for trafikken aust-vest og nord-sør
- styrke banda mellom Bergen og Hardanger

Kort om historia til Hardangerbrua **Frå idé, til riksvegprosjekt til stamvegrute**

Forslag om tunnel frå Granvin til Vallavik og bru over Hardangerfjorden vart fyrste gong lansert av Aamund Bu, omtalt i Bergens Tidende 6.april 1938.

I samband med lineval for stamveg, står det i Stortingsmelding nr 104 (1973-74) at trafikken til/frå Bergen – Hardangervidda – Haukelid og Stavanger må få si løysing uansett stamvegval. Hardangerbru var eit aktuelt prosjekt, bygging måtte vurderast når prosjektet kunne løysast økonomisk.

I 1985 vedtok fylkestinget i Hordaland at overskot etter sal av konsesjonskraft kunne nyttast til investering i betring av kommunikasjonane i distrikta krafta vart produsert. Hardangerbrua vart tilgodesett med 70 prosent av inntektene frå salet.

Salet av konsesjonskraft gav små inntekter. For å få større fart i oppbygginga av brufondet måtte kommunane ta del i arbeidet.

Brunemd vart etablert i 1985 med Bergen, Granvin, Ullensvang, Kvam, Ulvik og Eidfjord kommunar.

1989 Innhenting av privat lånekapital frå næringslivet under DU-skattelova. Hardangerbrua var det einaste samferdsleprosjektet som fekk slik løyving.

- 1993 Samferdselsdepartementet gjev selskapet løyve til å krevje inn førehandsbompengar på ferjestrekninga Bruravik-Brimnes.
- 1994 Hordaland fylkeskommune kjøper 51 prosent av aksjane i Hardangerbrua A/S. Fylkestinget gjorde og vedtak om simpel garanti på NOK 685 mill.kr. (Sak 35/94)
- 1996 Den 8.mars sa dåverande samferdselsminister Kjell Opseth nei til Hardangerbrua, og ja til Folgefonntunnel og Trekantsamband.
Den 10.juni slutta eit fleirtal i Stortinget seg til statsråden sin innstilling til Hardangerbrua
Den 13.juni sa Fylkestinget i Hordaland ja til brua på nytt.
- 1997 Selskapet legg fram trafikkanalyse frå Berdal Strømme (seinare Norconsult) som syner trafikktalet for brua 2003 med ÅDT på 1725
Fylkestinget desember 1997 ber administrasjonen og bruselskap om revidert kostnadsoverslag.
- 1998 Bruselskapet oversender nytt grunnlag til handsaming i fylkestinget oktober 1998. I Vedtaket opna for innhenting av anbudsgrunnlag.
- 1999 Vegdirektøren meinte at det ikkje var rett rekkefølge å be om anbod så tidleg i prosjektfasen. I staden laga Bruavdelinga i Vegdirektoratet ny oppdatering av tekniske føresetnader og kostnadsanalyse. Dette synte at eit komplett bruprojekt med tilførslesvegar ville koste NOK 1.280 mill. Vegdirektoratet fann ingen innvendingar mot plangrunnlaget for prosjektet.
- 2000 Hardangerbrua øvst på Hordaland fylkesting si liste over prosjekt på "Øvrige riksvegar".
- 2001 Hordaland fylkesting finn rom for til saman NOK 150 mill til Hardangerbrua i rammeløyvingar innafor Nasjonal Transportplan: NOK 125 mill i perioden 2005-2011, og 25 mill i fylgjande periode. Fylkestinget ber om oppdatert plangrunnlag for Hardangerbrua, basert på Plan- og bygningslova som avløyste Veglova. Lova krev Konsekvensutgreiing av prosjekt med kostnad over NOK 400 mill. Stoltenberg-regjeringa og Bondevik II-regjeringa er samde med fylkestinget, og det same er Samferdselskomiteen desember 2001.
- 2002 KU-arbeidet startar opp.
Regjeringa Bondevik II gjer framlegg om at Rv13 frå Voss til Jøsendal via Odda, skal bli stamveg. Stortinget sluttar seg til framlegget. Dermed blir Hardangerbrua som ein del av Rv13 eit prosjekt på det norske stamvegnettet.
- 2003 Samferdselsminister Torhild Skogsholm kom til Hardanger og Hallingdal i januar. På grunn av uvêr på Hardangervidda vart turen lagt om og gjekk direkte til Geilo. Ministeren kom attende til Voss og Hardanger i november og fekk for første gong innblikk i resultatane av KU-arbeidet. Endeleg KU-rapport vart presentert februar 2004.

Årsmøte

Den 10.februar 2004 vart det halde omframtr årsmøte på Voss med formål å velja nytt styre. Det ordinære årsmøtet vart halde 18.juni 2004 same stad. I tillegg til godkjenning av årsmelding og rekneskap valde årsmøte varamedlemmer til styret og ny revisor.

Den nye revisoren er Frank Ottar Olsen.

Styresamansetjing

Den 10.februar 2004 vart det halde omframt årsmøte på Fleischer Hotell, Voss. I hovudsak for å velja nytt styre. Etter dette årsmøte er styret sett saman slik:

Frå fylkeskommunen: Einar Lutro, leiar
Magnar Lussand
Torill Vebenstad
Gunnar Bakke

Frå Bergen kommune:
Hans Edvard Seim

Frå dei andre kommunane:
Bjørn Christensen (Voss)
Solfrid Borge (Ullensvang)

På det ordinære årsmøtet 18.juni vart det også vedteke å velja varamedlemmer til styret etter oppmoding frå fylkestinget. Årsmøtet slutta seg til innstillinga frå eigarane.

Oppnemt av Hordaland Fylkesting:
Bjarte Tolås som personleg vara for Gunnar Bakke
Elisabeth Risnes som personleg vara for Einar Lutro
Bente Bondhus som personleg vara for Magnar Lussand
Hans Erik Ringkjøb som personleg vara for Torill Vebenstad

Oppnemt av Bergen Kommune:
Anne-Grete Strøm-Erichsen som personleg vara for Hans Edvard Seim

Oppnemt av Voss og Hardanger:
Astrid Selsvold som personleg vara for Bjørn Christensen
Ola B. Hereid som personleg vara for Solfrid Borge

Styremøter

Styret har hatt 11 ordinære møte og to telefonmøte, og handsama 89 saker i løpet av året.

Styreleiing

Einar Lutro tok over som styreleiar etter omframt årsmøte. Og har med nemninga arbeidande styreleiar overteke funksjonen både til styreleiar og dageleg leiar. Torbjørn Wilhelmsen slutta som dagleg leiar etter eige ynskje i 2004. Det er inngått avtale om økonomisk kompensasjon mellom styret og Einar Lutro. Torbjørn Wilhelmsen heldt fram som rådgjevar i selskapet etter avtale med styret. Kontor- og forretningsadresse er som fylgje av dette flytta til Lofthus i Ullensvang Herad.

Aktiviteten i selskapet

Året 2004 har for Hardangerbrua As vore eit svært aktivt år. Det er i tillegg til styremøta gjennomført ei rekkje møter med eigarkommunane, fylkeskommunen, politikarar i Regjering og Storting, Statens vegvesen samt mange andre samarbeidspartnarar.

1.1 NYE FAKTA

Som følge av arbeidet med ”nye” Hardangerbrua har Statens vegvesen til no gitt informasjon om

- brua vert flytta nokre meter mot sør ved Vallavik. Dermed vert brua 1310 meter; 15 meter kortare enn det opprinnelege forslaget.
- Tilførsleveggen på begge sider vert lagt i tunnel og ikkje på viadukt. Dette gjer inngrepet i fjordlandskapet langt mindre, men kostnadene vert noko større på tilførslevegane enn føresett.
- Vegen mot Eidfjord vil gå i dagen, langs eksisterande veg.

1.2 KONSEKVENSGREIING

Prosjektet Hardangerbrua har vore til konsekvensutgreiing i Statens vegvesen, region vest. Bakgrunnen for dette, er vedtaket i Hordaland Fylkesting juni 2001, at Hardangerbrua kostar over 400 mill NOK. Dette slutta både Stoltenberg- og Bondevik II-regjeringa opp om, og jamvel Stortinget gav sin tilslutnad til dette i desember 2001. I februar 2002 starta Statens vegvesen region vest opp arbeidet. Og 1.november 2004 vart konsekvensutgreiinga godkjent i Vegdirektoratet.

1.3 REGULERINGSPLANAR

Parallelt med konsekvensutgreiinga er det arbeidt med reguleringsplanar i dei berørte kommunane Ulvik, Eidfjord og Ullensvang. Desse vart godkjente på slutten av året 2004.

1.4 FINANSIERING AV ”NYE” HARDANGERBRUA

Det har vore arbeidt med finansieringa av brua etter at KU-materialet vart offentleggjort i februar 2004. Frå ei kalkyle med statleg medverknad slik tala såg ut ved inngangen til 2004, arbeider bruselskapet og Hordaland fylkeskommune med ei finansieringsskisse som gjer at brua kan byggjast med svært lite eller heilt utan statleg medverknad. Finansieringsskisse basert på desse forutsetningar vart godkjent av Hordaland Fylkesting i Ulvik 9.juni 2004.

I tillegg kjem at vegstyresmaktene ønskjer å ruste opp Vallaviktunnelen i tråd med nye krav til tryggleik, for om lag 80 mill kroner, og eit 2. byggjetrinn med veg frå Bu mot Brimnes. Det er styret sin meining at dette er kostnader som vil komme uavhengig av brubygging eller ikkje.

1.5 BOMPENGESØKNAD

I fylkestingsmøte 9.juni fekk styret i oppdrag å utarbeida ein ”bompengesøknad med grunnlag i det aktuelle opplegget for fullfinansiering av Hardangerbrua”. Ein slik søknad dags. 10.11.04 er handsama av aktuelle kommunar, regionvegsjef og til sist godkjent av fylkestinget 15.12.04.

1.6 POLITISK FORANKRING

I Nasjonal Transportplan har eit fleirtal av alle parti unnateke SV ein merknad som lyder:
”Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Sosialistisk Venstreparti, viser til at det i statsbudsjettet for 2002 vart gjort greie for at ev. prioritering av Hardangerbrua ville verta vurdert i samband med rulleringa av NTP. Slik vurdering ligg ikkje føre.
Fleirtalet ber om at saka om utbygging og finansiering vert lagt fram for Stortinget så snart som mogeleg.
Fleirtalet føreset at alle kostnadene til nødvendige utbyggingar og utbetringar av tilknytingsvegar vert gjort greie for i samband med saka.”

1.7 ANNA

I oktober 2003 vart det skipa ein folkeaksjon ”Hardangerbrua no” under leiing av Sverre Kleivkås, Lofthus.
Folkeaksjonen er ein aktiv medspelar for Hardangerbrua, og det er grunn for alt no å takke eldsjelenene for arbeidet som er gjort og for innsatsen mot oppgåver som ventar framover.

Økonomi

Selskapet tærer på selskapet sin frie eigenkapital. Einaste inntekt til drifta av selskapet, er renteinntekter frå den frie eigenkapitalen. Renteinntektene for 2004 utgjorde kr 37.583,96. Midlane er plassert i Sparebanken Hardanger på særtilkår, bedrifts- og skattetrekkkonto.

Rekneskapa er ført av Kvam Rekneskapskontor i Norheimsund. Det har vore høg aktivitet i selskapet i 2004, og det er utbetalt kr. 275.432,- i styrehonorar og møtegodtgjersle. Samla driftskostnader for Hardangerbrua A/S var kr 1.201.699,-. Justert for renteinntekter, kom selskapet ut med underdekning på drifta med kr. 1.164.114,65.

Dei kommunale og fylkeskommunale fondsavsetningane auka med avkastning og salsoverskot i 2004.

Hordaland fylkesting har gjort vedtak om at 70% av overskotet frå sal av konsesjonskrafta dei komande 10 åra (til og med 2009) skal gå til Hardangerbrua. I desember vedtok fylkestinget likevel å avgrensa overføringane i åra 2004, 2005 og 2006, slik at innbetalingstida vert forlenga til ut 2012. Fylkestinget har vedteke å låna ut desse pengane til selskapet, Jfr.låneavtale dags. 2.mars 2004. Vidare har fylkestinget vedteke at 25 % av kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgjevaravgift i Hardanger skal tilfalla Hardangerbrua.

Når det gjeld dei innbetalte kommunale fondsmidlane er det einigheit mellom dei kommunane det gjeld, selskapet og fylket at desse skal fylkeskommunen ivareta.

Samla fondskapital som pr. 31.12.2004 er stilt til disposisjon for brubygging er **kr. 238.872.267,57**

Selskapet sin driftsøkonomi og klare mandat i frå fylkestinget i Hordaland og frå dei andre eigarane, gjer at selskapet har alle føresetnader for framhald av drifta.

Miljøverknad

I høve selskapet sin formålsparagraf er oppgåva å syte for at Hardangerbrua blir bygd. Selskapet har inga produksjon med utslepp til det ytre miljø.

Ymse

Med omsyn til andre økonomiske tilhøve, syner vi til årsoppgjeret som etter styret si oppfatning gjev fullnøyande informasjon om drifta i selskapet og om stoda ved årsskiftet. Det har heller ikkje etter årsskiftet skjedd noko som verkar inn på vurderinga av selskapet sin økonomiske situasjon.

Lofthus, den 6. april 2005

Einar Lutro (leiar)

Magnar Lussand

Hans Edvard Seim

Torill Veбенstad

Gunnar Bakke

Bjørn Christensen

Solfrid Borge

**Årsoppgjør 2004
for**

HARDANGERBRUA AS

Resultatregnskap

	Note	2004	2003
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Sum driftsinntekter		0	0
Driftskostnader			
Lønnskostnad	1	305.274	137.251
Annen driftskostnad	1	896.425	1.147.717
Sum driftskostnader		1.201.699	1.284.968
DRIFTSRESULTAT		(1.201.699)	(1.284.968)
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		37.584	174.023
Sum finansinntekter		37.584	174.023
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		0	508
Sum finanskostnader		0	508
NETTO FINANSPOSTER		37.584	173.515
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		(1.164.115)	(1.111.453)
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		(1.164.115)	(1.111.453)
ÅRSRESULTAT		(1.164.115)	(1.111.453)
OVERFØRINGER			
Overføringer annen egenkapital		(1.164.115)	(1.111.453)
SUM OVERFØRINGER		(1.164.115)	(1.111.453)

HARDANGERBRUA AS

Balanse pr. 31.12.2004

	Note	31.12.2004	31.12.2003
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle eiendeler			
Forskning og utvikling	2	0	11.226.997
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		20.000	20.000
Fondsplasseringer	3	142.013.870	0
Sum anleggsmidler		142.033.870	11.246.997
OMLØPSMIDLER			
Kundefordringer		0	103.288
Andre fordringer		0	27.180
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	2.108.095	216.446.724
Sum omløpsmidler		2.108.095	216.577.192
SUM EIENDELER		144.141.965	227.824.188
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital (15 aksjer a 10.000)	5	150.000	150.000
Sum innskutt egenkapital		150.000	150.000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	1.953.072	2.440.462
Sum opptjent egenkapital		1.953.072	2.440.462
Sum egenkapital		2.103.072	2.590.462
GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Andre avsetninger for forpliktelser	3,4	142.013.870	224.835.196
Sum avsetning for forpliktelser		142.013.870	224.835.196
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		13.024	79.297
Skyldig offentlige avgifter		0	22.916
Annen kortsiktig gjeld		12.000	296.317
Sum kortsiktig gjeld		25.024	398.530
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		144.141.965	227.824.188

Lofthus, den 6.april 2005

Einar Lutro (leiar)

Magnar Lussand

Hans Edvard Seim

Torill Veбенstad

Gunnar Bakke

Bjørn Christensen

Solfrid Borge

Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk.

Klassifisering og vurdering av balanseposter.

Anleggsmidler er eiendeler ment til varig eie og bruk i virksomheten. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi dersom verdifallet ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld balanseføres til pålydende verdi.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til pålydende verdi.

Unntaksreglene i regnskapsloven for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt spesielt.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer føres opp i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til påregnelig tap.

Aksjer og andeler i andre selskaper

Investeringer i aksjer og andeler er vurdert etter kostmetoden.

Skatt

Selskapet driver ikke skattepliktig virksomhet.

Note 1 - Lønn, godtgjørelse, lån til ansatte mv.

Lønnskostnader	2004	2003
Lønninger	221.432	-14.408
Styrehonorar	54.000	115.000
Annen oppg.pl. ytelse	0	25.548
Folketrygdavgift	29.842	11.111
SUM	305.274	137.251
Gjennomsnittlig antall ansatte	1	1

Wikos As utøvet funksjonen som daglig leder for selskapet i begynnelsen av året. Styreformann - valgt på Generalforsamling i febr. 2004- har utført daglig leders oppgaver i resten av året. Styreformann har mottatt en samlet godtgjørelse på kr. 215.332.

Revisor.

Revisjonshonorar er utbetalt med kr. 29.760 inkl. mva i 2004.

Note 2 - Forskning og utvikling

Tidligere aktivert prosjekteringskostnader - nedskrevet til kr.11.226.997pr. 1.1.2004 - er ført ut av selskapets regnskap.

Prosjekteringskostnadene gjelder tidligere Hardangerbroprosjekt og vil ikke være en del av det Hardangerbroprosjekt som er til politisk behandling i 2004/2005.

Kfr. også notene 3, 4 og 6.

Note 3 - FONDSPLASSERINGER.

De konsesjonskraftmidler som Hordaland Fylke har satt av til bygging av Hardangerbro, er lånt ut til selskapet for sikker plassering og forrentning.

Hvis Hardangerbroprosjektet ikke skulle la seg realisere, vil de lånte midlene bli tilbakeført til Hordaland Fylkeskommune.

Note 4 - Andre forpliktelser.

Herunder var tidligere medtatt plassering av konsesjonskraftmidler - se note 3 - og plasseringen av de midler som eierkommunene har satt av til bygging av Hardangerbro. Eierkommunene har besluttet at disse midlene skal forvaltes av Hordaland Fylkeskommune. Bankinnskuddskonti og motsvarende avsetningskonti er derfor tatt ut av regnskapet til Hardangerbrua AS.

Note 5 - Aksjekapital

Aksjekapitalen består av 15 aksjer hver pålydende kr. 10.000. Alle aksjene har lik stemmerett i generalforsamling.

Eiere.

De største aksjonærene i Hardangerbrua As var pr. 31.12.2004:

	Aksjer	Eierandel=stemmerett
Hordaland Fylke	8	53,3 %
Bergen Kommune	1	6,7 %
Eidfjord Kommune	1	6,7 %
Granvin Herad	1	6,7 %
Kvam Herad	1	6,7 %
Ullensvang Herad	1	6,7 %
Ulvik Herad	1	6,7 %
Voss Kommune	1	6,7 %
Totalt antall aksjer og stemmer	<u>15</u>	<u>100,0 %</u>

Note 6 - Annen egenkapital

	Aksjekapital	Annen egenkapital	sum
Egenkapital 01.01.2004	150.000	2.440.462	2.590.462
Korleksjoner vedr. tidligere år (1)		676.725	676.725
Årets resultat		<u>- 1.164.115</u>	<u>- 1.164.115</u>
Egenkapital 31.12.2004	<u>150.000</u>	<u>1.953.072</u>	<u>2.103.072</u>

1) Ved fjerning av kommunale tilskuddsmidler og justering av konsesjonskraftmidler i selskapets balanse fremkommer det en differanse. Dette er en differanse oppstått mellom de tall som Hardangerbrua As har hatt i sitt regnskap, og de tall Hordaland Fylkeskommune har i sine regnskaper. Det synes konstatert at differansen har oppstått en gang på 1990-tallet og at den også er sammensatt av flere elementer. Det er besluttet at differansen skal føres direkte mot selskapets egenkapital.

